

Kraftig regnskur over Nåso,straumbrot i dalen

11.07.2009



**- Noko slikt har eg aldri opplevd før, sa ein eldre uskedeling i samband med eit spesielt nedbørphenomen i dalen ved 17-tida laurdag kveld.**

Ei særdeles kraftig toreverskur slapp ned store mengder regn over Ulvanåso medan det i første omgang så å seia ikkje regna nede i dalen og ned mot fjorden.

Det dannar seg difor store elvar ned over sidene på det største fjellet medan til dømes Englafjell var like turt.

Men vasstanden i Børsdalselva og Uskedalselva auka brått og det frista fiskarane! No blir det spanande å sjå om det blir gjort gode fangstar i natt etter den raske auken i vasstanden.

Toreveret førte også til at ein transformator ovanfor Haugland vart slått ut av lynet ved 17.30-tida. Kvinnherad Energi rykte raskt ut og sette igang reparasjonsarbeider, som truleg vil vera fullført ved 22-tida. Straumbrotet

omfattar heldigvis ikkje så mange abbonentar.

Av Ola Matti Mathisen



Ein transformator vart slegen ut av torevaret. (Foto: Ola Matti Mathisen)